

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 19.10.2020

Vår ref.: 201202001-18

Arkiv: 317 / 064

Dykkar dato: 13.09.2020

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ole Per Schei

22959531/ops@nve.no

Dyrkolbotn kraftverk i Alver kommune, Vestland fylke – godkjenning av revidert detaljplan for miljø og landskap

Vi viser til dykkar søknad om godkjenning av revidert detaljplan for miljø og landskap for Dyrkolbotn kraftverk, datert 14.9.2020. Viser òg til synfaring av planområdet 12.10.2020.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 14.9.2020 for bygging av Dyrkolbotn kraftverk i Botnaelva i Romarheimsvassdraget i Alver kommune.

Vilkår for godkjenninga

- Før arbeidet med inntak/inntaksområdet og vassveg ned til første vegkryssing tek til må det utarbeidast ein revidert detaljplan som viser ei vesentleg betre landskapstilpassa utforming. Planen må være godkjent av NVE før arbeidet her tek til
- Heile eller deler av utbyggingsområdet ligg innanfor aktsemdsområde skred i bratt terreng. Verksemda må difor syte for ei turvande fagleg vurdering av dette og avklare eventuelle tiltak før arbeidet i desse områda vert sett i gang
- Verksemda må kunne dokumentere at utløpet er plassert på same høgdenivå som utløpet frå Kjeldebekken kraftverk
- Nipo Kraft AS har i konsesjonsprosessen lagt til grunn at inntaket skal lyssettast av omsyn til ål. Videre har NVE skrive slik: *Dersom dette viser seg å ikke være tilstrekkelig, kan NVE iht. dette vilkåret pålegge konsesjonær å iverksette andre tiltak for å sikre vandingsveier forbi inntaket til kraftverket.* NVE ber m at verksemda gjennomfører ein fagleg vurdering knytt til dette og evt gjennomfører turvande tiltak knytt til Ål, utover lyssetting. Alle tiltaka må være tufta på faglege vurderingar. NVE ber om at de får utarbeidd ein fagrapport knytt til dette og der løysingar vert skissert og innarbeidd i planer for bygginga av inntakskonstruksjonen
- De skal orientere oss om når anleggsarbeidet tek til og når anlegget blir sett i drift. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



- Seinast ein månad etter at kraftverket er sett i drift, skal de sende inn melding om dette til oss på skjema som ligg på vår heimeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen med notatet «*Bakgrunn for vedtak*» 102/2010.

Tiltaksområdet forserer ei rekkje ulike utfordringar. I detaljplanen er det prøvd å beskrive korleis ein ynskjer at dei ulike områda skal tilbakeførast. Etter NVE si vurdering er detaljar for tilbakeføring i øvre del mellom inntak og første vegkryssing er særleg viktig og vi legg difor ved våre faktaark som beskriv noko om våre forventningar til best mogeleg sluttresultat; <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/god-praksis/>. NVE vil ved tilsyn på anlegget leggje stor vekt på at det landskapsarkitektoniske sluttresultatet vert best mogeleg og minimum med tilsvarende nivå som er referert i vårt rettleiingsmateriell.

Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 11.11.2010 post nr 4.

Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med ulike former for tilsyn.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsystem etter forskrifta.

Vår handsaming av søknaden

NVE gav konsesjon til bygging av Dyrkolbotn kraftverk i vedtak datert 11.11.2010. Vidare vart det gitt forlenga frist for oppstart av bygginga, til 11.11.2020, i vårt vedtak datert 12.8.2015.

Nipo Kraft AS fremja første utgåve av detaljplan 20.3.2012. Denne vart seinare skrinlagt, slik NVE oppfatta det, i all hovudsak av privatrettleige grunnar. Ny plan vart fremja 31.7.2020 med ein del endringar i høve konsesjonen og som utløyste krav om planendring. I endeleg og revidert plan datert 14.9.2020 er endringane i plan datert 31.7.2020 tekne ut og planen er ifølgje søkar utarbeidd i samsvar med gitt konsesjon.

Konsesjonen har ordinære vilkår, mellom anna knytt til minstevassføring med vidare. I tillegg er det i bakgrunn for vedtak sett krav om at det skal installerast omløpsventil med kapasitet 50 % av maksimal slukeevne. Maks slukeevne i anlegget er 2,57 m³/s og omløpsventilen sin kapasitet er opplyst til i vedlegg 7 i detaljplanen til 1,30 m³/s der installasjon og funksjonalitet er beskrive. NVE vil ved tilsyn på anlegget be om dokumentasjon på gjennomført testing av kapasitet, funksjonalitet med vidare.

Detaljplanen

Endeleg versjon av detaljplan vart sendt på avgrensa høyring til Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune og Alver kommune i oversending datert 14.9.2020. Vidare vart konsesjonæren som vanleg i saker med eldre konsesjonar, beden om å orientere aktuelle partar tilsvarende nabovarsling, og vidare syte for å ha tilgjengeleg dokumentasjon på dette og på handtering av eventuelle innspel etter varslinga.

Fråsegner



Alver kommune har i si fråsegn datert 22.9.2020: *Konsesjonen ligg til grunn for denne høringa og sjølve konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring. Alver kommune skal i denne saka uttale seg til ny eller endra arealbruk som ikkje er avklart i konsesjonsprosessen. Alver kommune har ikkje merknader til detaljplan for miljø og landskap for Dyrkollbotn kraftverk.*

Fylkesmannen i Vestland seier slik i si fråsegn datert 6.10.2020; ***Detaljplanen må sikre omsyn til anadrom fisk, både i utbyggings- og driftsfase av kraftverket.***

Vilkår i konsesjonen

Inntaket skal vere på kote 341. Kraftstasjonen skal liggje på nivå med Kjeldebekken kraftstasjon, som etter nyare høgdemålingar ligg på kote 218. Bakgrunnen for dette vilkåret var å sikre eit flatare parti av elva for gyting av anadrom fisk. Vidare er det sett krav om å installere omløpsventil med kapasitet på 50 % av maksimal slukeevne, og krav om minstevassføring på 130 l/s om sommaren og 50 l/s resten av året.

Merknader

Det er viktig å sikre at bygging og drift av kraftverket ikkje får negative konsekvensar på anadrom fisk i vassdraget. Ut frå at avløpet frå kraftstasjon vil kunne ut øvst på den anadrome strekninga vil Fylkesmannen peike på følgjande:

Kraftverksavløpet bør etablerast slik at det blir tilrettelagt for gyting i avløpshølen, eventuelt i kombinasjon med utlegging av eigna gytesubstrat. Det bør nyttast fiskefagleg kompetanse for å kvalitetssikre dette tiltaket.

Inntaket bør konstruerast slik at faren for gassovermetting i avløpsvatnet blir minimert.

Vurderingar av fråsegner

NVE mottok konsulenten til Nipo Kraft AS sitt tilsvaer på Fylkesmannen si fråsegn i e-post datert 15.10.2020, der det mellom anna står slik:

Vi har følgjande forslag til bemerkningene som FM har gjort:

- 1. Mht å tilrettelegge en gytekulp i nær tilknytning til avløpet for kraftverket så synes dette noe vanskelig og av flere grunner. Elva på stedet er for det første svært bred og har flere små-løp og i tillegg i et område med tilnærmet steinur. med til dels grove steiner. I tørre perioder kan vannet her nærmest forsvinne fra overflaten. Vi kan likevel forsøke å lage en gytekulp rett på nedsiden av utløpet og på en slik måte at kulpen kan bli noe skjermet fra å bli fylt opp med steiner i flommer.*
- 2. Mht den andre kommentarer gjeldende gassovermetning, har vi felles interesse i at inntaket blir tilstrekkelig dykket til at det ikke vil suge luft. Avløpets lengde samt steinura nedenfor vil i tillegg bli langt nok til at slik komprimert luft skal få tilstrekkelig tid til å boble ut før vannet kommer frem til eventuell anadrom fisk.*

Vi håper at disse tiltakene tilfredsstiller FM sine kommentarer.

NVE oppfattar det slik at konsesjonæren her rettar seg etter råda frå Fylkesmannen, og har ikkje funne grunnlag for å setje vilkår knytt til dette. Vi finn imidlertid grunn til å minne om konsesjonen sin post 5. *Naturforvaltning*, som gjev Fylkesmannen heimel til setje eventuelle vilkår knytt til desse tilhøva.

Vurdering av flaum og skredfare

Detaljplanen omtaler desse tilhøva under pkt 2.3. Mellom anna står slik: *Skredfaren er kartlagt og det er ingen fare for skred i området.* NVE-Atlas si naturfareoversikt viser imidlertid store deler av



utbyggingsområdet ligg innan aktsemdsområdet for *skred i bratt terreng*. NVE finn ingen vedlagt dokumentasjon på at det er gjort ein fagleg utgreiing knytt til naturfarane og har difor sett vilkår om dette.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar, eller tek avgjerder, som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Saka er opplyst gjennom konsesjonshandsaming, og der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Desse er tilstrekkelig oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen. NVE har difor ikkje føreteke nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi viser til vurderingane i konsesjonsprosessen. «Artskart» og «Naturbase» viser heller ingen nye registreringar i råka område.

Vurdering av minstevassføringsarrangement, skilting og merking.

Metoden de har skildra for slepp- og dokumentasjon av minstevassføring er meint å oppfylle krava i post 1 i konsesjonen. Dette føreset at de installerer og driftar utstyret riktig.

Vi set krav til minstevassføringsarrangementet sin funksjon og godkjenner prinsippa for målemetode og løysing for slepp, men ikkje val av utstyr eller leverandør. Difor må de kunne dokumentere skriftleg for oss, at de har kalibrert og kontrollmålt utstyret. For slepp av minstevassføring målt direkte ved vassgjennomstrøyming i rør, er det særskilt viktig at de sikrar at de oppfyller føresetnadene for at måleutstyret gir riktige verdiar. Dette gjeld særleg krav om rettstrekning på rør, fylt vassrør og laminær vasstraum.

Dersom det viser seg at godkjent arrangement for slepp og dokumentasjon av minstevassføring og omløpsventil ikkje oppfyller krav som er sett i vassdragskonsesjonen, kan vi krevje ombygging, jf. vassressurslova § 59.

Ålmenta skal kunne kontrollere at pålagd minstevassføring er oppfylt. NVE rettleiar 3/2020 «Slipp, måling og dokumentasjon av minstevassføring» skildrar korleis dette kan løysast. Sjå mal for opplysningsskilt på nettsidene våre www.nve.no

Grunngjeving for særskilde godkjenningsvilkår

Heile eller deler av utbyggingsområdet ligg innanfor aktsemdsområde skred i bratt terreng. Verksemda må difor syte for ei turvande fagleg vurdering av dette og avklare eventuelle tiltak før arbeidet i desse områda vert sett i gang. Sjå elles under *Vurdering av flaum og skredfare*.

I merknader til konsesjonsvilkåra i notatet «Bakgrunn for vedtak» 102/2010, står mellom anna slik: *Av hensyn til anadrom laksefisk skal kraftstasjonen flyttes til kote 222, ved eksisterende Kjeldebekken kraftstasjon*. Dette inneber at utløpet frå stasjon skal ligge på nivå med utløpet som eksisterande Kjeldebekken Kraftverk. Verksemda må kunne dokumentere at utløpet er plassert på same høgdenivå som utløpet frå Kjeldebekken kraftverk.

I «Bakgrunn for vedtak», post 8 terskler m.v står slik: *Det er i dag usikkert om det finnes ål i vassdraget. Nipo Kraft AS mener at inntakskonstruksjonen med nedsprengt grøft etter deres syn trolig vil gjøre at ev. ål ikke går inn i inntaket og de har selv foreslått å lyssette grøften. Dersom dette viser seg å ikke være tilstrekkelig, kan NVE iht. dette vilkåret pålegge konsesjonær å iverksette andre tiltak for å sikre vandingsveier forbi inntaket til kraftverket*. NVE kan ikkje sjå at dette er teke omsyn til i detaljplanen og har difor sett vilkår knytt til dette.



Dam- og inntakskonstruksjon er etter NVE si vurdering lite landskapstilpassa og til dels overdimensjonert i planmaterialet. Inntaksområdet er planlagt utan permanent vegtilkomst. Trass dette viser perspektivskisse eit etter måten stort trafikalt areal med køyretøy. I detaljplanen sitt pkt 3.5.7 *Veibygging* står mellom anna slik:

Vei til inntaket ***Permanent***

Adkomstveien opp til Dyrkolbotn Leirskole går like forbi inntaket og krysser rørgata. I anleggsperioden vil det bli laget en servicevei langs rørgata, men for ettertiden blir det bare en kjøresterk trasé langs på rørgata med en liten snu- og parkeringsplass oppe ved inntaket som vil bli benyttet til rigg- og deponiplass i byggeperioden.

For Leirskolen er det et ønske om at denne veien langs rørtraséen kan arronderes slik at den kan benyttes av handikappede og gjerne også for de med rullestol.

Utifrå tverrprofil vassveg/rørgate som ligg til grunn i detaljplanen oppfattar NVE at rørgata skal flukte med kringliggende terreng, og at sluttresultatet vert ei tilbakeføring med tverrprofil som naturleg terreng. Dette ser ikkje ut til å samsvare med lengdeprofilen i detaljplan med orienteringa dykkar representant gav under synfaringa 12.10.2020.

Utifrå arealplan-materialet er det ikkje lagt til grunn noko form for veg, men i tekstmaterialet nemner de både permanent veg, (overskrifta), kjøresterk del av terrenget og tilrettelegging for rullestol. NVE er noko usikker på kva som eigentleg er meint og ber om at dette vert tydeleg presisert i revidert planmateriale. Eventuelle vegar til leirskulen sitt føremål må avklarast med Alver kommune og er ikkje ein del av NVE si godkjenning.

Før arbeidet med inntak, inntaksområdet og øvre del av vannveg tek til må det utarbeidast ein revidert plan for heile området. NVE forventar at planmaterialet i større grad viser vesentleg meir landskapstilpassa konstruksjon der detaljar må komme tydeleg fram. Krav til ny detaljplan for inntak, inntaksområdet og øvre del av vassveg er lagt inn som vilkår. I samband med dette finn vi grunn til å nemne at vi for tida har inntil 6 mnd sakshandsamingstid.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggeteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om damsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida.

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

Privatrettslege rettigheter



De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida tek til.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Alver kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Alver kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

EINAR SOFIENLUND v/Einar Sofienlund
Nipo Kraft AS

Kopi til:

ALVER KOMMUNE
FYLKESMANNEN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: Skrive kva for vedtak du klagar på. Skrive kva for eit resultat du ønsker. Opplyse om du klagar innanfor fristen. Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.

